



Det humanistiske fakultet

Referanse

2014/5352-ARUT

Dato

01.07.2014

Budsjettframlegg 2015 - innspel frå Institutt for framandspråk

1. Samandrag

Institutt for framandspråk har per i dag 9 studieprogram og femner om fire disiplinar: språk/lingvistikk, litteratur, kulturkunnskap/historie og fagdidaktikk. Språkfaga sin eigenart er at dei er både ferdigheitsfag og kunnskapsfag, og som ferdigheitsfag krev dei store ressursar på lågare nivå, både når det gjeld undervisning, obligatoriske arbeidskrav og eksamen (t.d. munnleg eksamen). Dette gjeld spesielt innanfor språka arabisk, japansk, kinesisk og russisk.

Studenttala har gått ned for fleire av faga, men IF har sett i gang fleire gode rekrutterings-tiltak, og vonar at dette på sikt vil føra til at tala aukar.

Publiseringstala ved IF er høgare for 2013 enn for 2012, men ligg enno ikkje så høgt som ein kunne ønskje, og det er ei prioritert oppgåve for IF å stimulera til auka forskingsaktivitet som gjer seg utslag i poenggjevande publisering. IF har ei god tilstrøyming av stipendiatar, både nasjonale og internasjonale, og det er eit mål for IF at stipendiatane i enno større grad skal integrerast i forskargruppene ved instituttet.

IF er i sitt vesen eit institutt med brei internasjonal rekkjevidde, både med omsyn til studentutveksling, forskarnettverk og tilsette. Det er eit mål for IF å auka det internasjonale nettverket gjennom auka samarbeid om forskning. Det er difor viktig å få utarbeidd gode søknader til eksterne finansieringskjelder. For å nå dette målet er det naudsynt for IF å få styrka forskingsadministrasjonen ved instituttet gjennom ei ny forskingskonsulent-stilling.

Økonomisk er instituttet inne i ein krevjande situasjon, slik det går fram av drøftinga av driftsbudsjettet under «prioriteringar innanfor budsjettamma».

2. Prioriteringar innanfor budsjettamma

DRIFTSBUDSJETTET

Driftsrekneskapen ved IF for 2013 vart gjort opp med eit overskot på rundt 450 000 kroner når stipendiatane sine overførte driftsmidlar er haldne utanfor. Den einaste grunnen til at driftsbudsjettet

Dette er eit UiB-internt notat som blir godkjent elektronisk i ePhorte

Institutt for framandspråk
Telefon
Telefaks 55584260

Postadresse
Postboks 7805
5020 Bergen

Besøksadresse
HF-bygget, Sydneplassen
7
Bergen

Sakshandsamar
Arve Kjell Uthaug
55582281

gjekk i pluss er at IF i 2013 fekk ei ekstraordinær overføring på over to millionar frå fleire års oppsamla overskot på vidareutdanninga. I 2014 har derfor IF måtta budsjettera med eit underskot på driftsbudsjettet. Årsaka er dei høge utgiftene til vikarar og andre mellombels tilsette. I 2013 brukte instituttet over seks millionar av eige driftsbudsjett til løn og honorar, og i tillegg til dette kom ekstra utgifter til sosiale kostnader. Instituttet arbeider med å redusera bruken av vikarar for å få ned utgiftene. Men det er vanskeleg å redusera utgiftene utan at dette går vesentleg ut over undervisninga til studentane eller forskingstida til dei vitskapleg tilsette.

Det er fleire grunnar til dette. Faga ved IF er små og undervisningsintensive på same tid. Fem av faga ved IF har frå éin til fire fast tilsette (arabisk, italiensk, japansk, kinesisk og tysk), og det er relativt vanleg med berre éin tilsett på ein fagdisiplin. Dermed blir behovet for å leiga inn vikarar stort når nokon er ute i forskingstermin el.a. Skal t.d. den einaste tilsette på tysk språk få forskingstermin, må vi hyra inn vikar. Og skal den einaste tilsette på tysk fagdidaktikk ha forskingstermin, treng vi òg vikar. I tillegg har vi disiplinen engelsk fagdidaktikk som har vore permanent underbemanna over lengre tid (ePhorte 14/4519), og der instituttet har måtta bera ein stor del av utgiftene til ekstrahjelp. Endå ein faktor som forsterkar vikarbehovet, er at instituttet har gått gjennom og fått kontroll med undervisningsrekneskapen. Gevinsten av dette er at vi har fått ein reiskap til å sikra at undervisninga blir rimeleg fordelt og at alle får tid til forskning – instituttet har ikkje lenger eit problem med oppsamla undervisningsoverskot. Minussida er at vi for å få til dette har måtta gje ekstra forskingsterminar til dei medarbeidarane som har hatt størst oppsamla overskot, og det skaper igjen eit vikarbehov.

Instituttet har teke opp den vanskelege situasjonen for driftsbudsjettet med fakultetsleiinga og kome med konkrete forslag til å betra situasjonen.

På litt sikt er dei viktigaste behova knytte til stillingar, og på nokre av faga og disiplinane er behovet for nye stillingar prekært. Instituttleiinga har etter dialog med faga lagt fram ei stillingsprioritering som vart samrøystes vedteken av instituttrådet 12. juni 2014. Ei av desse stillingane, professor i kinesisk, ligg allereie inne i bemanningsplanen. Instituttet bed om å få lysa ut følgjande stillingar i 2015, i prioritert rekkjefølgje:

VITSKAPLEGE STILLINGAR:

1. Førsteamanuensis på engelsk fagdidaktikk (ev. universitetslektor)

Spriket mellom undervisningsbehov og kapasitet er unormalt og uforsvarleg stort på disiplinen engelsk fagdidaktikk. Disiplinen har tre faste stillingar, der den eine i dag er dekt inn av mellombelse ordningar. Dei tilsette på engelsk fagdidaktikk underviser på to emne innanfor praktisk pedagogikk, fire emne innanfor den integrerte lektorutdanninga og to emne på den erfaringsbaserte masterutdanninga (eitt av desse har opptil fire parallelle studentkull). I tillegg kjem rettleiinga av ph.d.-studentar og ei veksande gruppe masterstudentar. For hausten 2014 er gruppa av masterstudentar som skal rettleiast, kalkulert til 7 heiltidsstudentar og 17 deltidsstudentar. Oppsummert er det årlege undervisningsbehovet på disiplinen om lag 1250 timar høgare enn den kapasiteten instituttet er gitt gjennom dagens tre faste stillingar. Instituttet foreslår at dette blir dekt inn gjennom ei ny førsteamanuensisstilling pluss ein ressurs til professor II-stillingar. Alternativt kan behovet dekkast gjennom at instituttet får ei ny stilling som universitetslektor, slik at disiplinen til saman har tre førstestillingar og ein lektor. Ei lektorstilling vil kunna ta ansvaret for mykje undervisning, og i utlysinga vil det her vera naturleg å leggja stor vekt på erfaring frå skuleverket, noko som er særleg relevant for den fagdidaktiske disiplinen.

Behovet for ei ny stilling på engelsk fagdidaktikk er utdjupa i brev til fakultetet (ePhorte 14/4519) og i møte mellom fakultetet og instituttet 15. mai i år.

2. Professor i kinesisk språk (ev. førsteamanuensis)

Kinesisk er det yngste av faga ved IF. Hausten 2012 vart det lyst ut eit professorat og ei stilling som førsteamanuensis. Det kom berre éin kvalifisert søkjar til stillingane, og Zhao Shouhui tok til som førsteamanuensis 1. februar i år. Faget er no etablert på bachelornivå. Det er eit tett administrativt samarbeid med japanskfaget, og Bergen Konfutse-institutt stiller lærarkrefter som er til stor hjelp i undervisninga. Det er likevel ikkje fagleg og arbeidsmessig forsvarleg å ha berre éin vitskapleg tilsett på eit fag, og bemanningsplanen ved fakultetet for 2013-2015 legg til grunn to stillingar i faget. Kinesisk blir framheva av universitetsleiinga som «en del av vår institusjons internasjonale strategi», og satsing på kinesisk språk har vore etterlyst frå politisk hald. Vi bed fakultetet om å lysa ut ei stilling som professor i kinesisk språk. Dersom det viser seg vanskeleg å rekruttera til ei professorstilling, bør det tilsetjast ein førsteamanuensis.

Vi viser elles til brev frå instituttet til fakultetet 23. januar i år om utlysing av professorat (ePhorte 14/965). Kinesisk blir omtala av universitetsleiinga m.a. i «Små fag kan ha høy kvalitet», publisert i *På Høyden* 19. mai 2014.

3. Lektor i japansk språk (50 prosent)

Japanskfaget fekk sommaren 2013 stilling nummer to og er dermed i ferd med å byggjast ut til eit ordinært fag. Gjennom fleire år har faget hatt ei sterk tilstrøyming av studentar. Til samordna opptak våren 2012 hadde japansk 58 primærsøkjara, i 2013 var talet 65 og i 2014 var det 78. Dei to første åra var japansk IF-faget med flest søkjara etter engelsk og spansk, i 2014 var berre engelsk meir populært (lektorutdanninga er halden utanfor denne samanlikninga). Samstundes er studieordninga blitt normalisert, slik at faget no er meir likt andre fag, med årlege opptak av studentar.

Undervisninga på japansk må tilpassast studentar utan forkunnskapar. Sidan språket er svært ulikt norsk, må desse studentane læra nye skriftteikn, eit heilt nytt vokabular og eit nytt fonetisk inventar. Det trengst med andre ord intensiv opplæring for studentar som ofte er heilt på nybyrjarnivå. Faget har i dag ikkje tilstrekkeleg med ressursar til dette. Behovet for ei ny lektorstilling (50 prosent) vart drøfta i fakultetsstyret 19. mars 2013. Styret konkluderte: «Det foreslås at behovet for lektorressurser i faget japansk vurderes i 2014 etter tilsetting i førsteamanuensisstilling og samarbeid med andre akademiske miljøer» (sak 31/13). Instituttet bed om at dette blir følgt opp gjennom ei ny lektorstilling (morsmålsbrukar) i femti prosent på japanskfaget.

For ei meir detaljert grunngjeving av behovet viser vi til sak 14/4068 i ePhorte.

4. Førsteamanuensis i tysk språk

Tyskfaget ved UiB, som ved fleire andre lærestader, har fått hard medfart av utviklinga dei seinare åra. Talet på stillingar er kraftig redusert. Når faget misser endå ei stilling sommaren 2014, og tidlegare enn det som er kalkulert i bemanningsplanen, er det berre att fire fast tilsette på tysk (ein i språk, to i litteratur, ein i fagdidaktikk). I bemanningsplanen for fakultetet 2013-2015 heiter det at ei «bemanning på 4-5 stillinger, anses som rimelig». Instituttet ser det som viktig at faget får lysa ut igjen den femte stillinga. Tyskfaget ved UiB er i dag eit ungt fag med tre av fire tilsette i førtiåra, faget har fått fleire nye stipendiatar, tysk er framleis viktig i det norske skuleverket, og kunnskap om tysk språk og kultur er stadig viktigare i Europa. Ein stor del av studentane på 100-nivået går på eit vidareutdanningstilbod som over fleire år har vore gitt parallelt med det ordinære tilbodet. Dei tilsette på faget ønskjer, trass i ein vanskeleg bemanningssituasjon, å halda fram med vidareutdanninga og har fått støtte frå Noregsuniversitetet til ei framtidsretta vidareutvikling av dette tilbodet. Eit slikt tilbod vil vera viktig framover, ikkje minst for å tilby relevant vidareutdanning for lærarar. Tysk er òg eit viktig fag innanfor språkpakken til høgskulane, som har fått støtte frå UH-

nett Vest. Éi stilling på språksida er for lite dersom faget skal sikrast ei positiv utvikling framover, halda fram med vidareutdanninga, gje eit kurstilbod med forsvarleg kvalitet på 100-, 200- og 300-nivå, og ta del i det nasjonale SAK-samarbeidet. Instituttet bed derfor om å få lysa ut ei stilling som førsteamanuensis i tysk språk.

5. Førsteamanuensis i spansk fagdidaktikk

Spansk er for lengst etablert som det største framandspråket (utanom engelsk) i både ungdomsskulen og den vidaregåande skulen. Utdanning av lærarar er derfor ei viktig oppgåve for spanskfaget ved fakultetet. I tillegg til det ordinære tilbodet, har faget i over ti år hatt eit omfattande tilbod i vidareutdanning som m.a. har gitt mange lærarar kompetanse i spansk. Faget har ikkje ei eiga stilling som fagdidaktikar men deler ei førstestilling med franskfaget. Ordninga kan i stor grad forklarast med den vanskelege ressursituasjonen då stillinga vart lyst ut men møter ikkje dagens utfordringar innan lærarutdanninga. Bemanningsplanen ved fakultetet slår fast at det vert ledig ei stilling på spanskfaget gjennom naturleg avgang i perioden 2013-2017. Denne stillinga er på språkdisiplinen, og bemanningsplanen slår fast: «Stillingen med avgang i 2017 bør trekkes inn, men dette blir en vurdering i justering av bemanningsplanen i 2015.» Instituttet ser at det kan vera rom for å trekkja inn ei stilling på språkdisiplinen, men viser samstundes til at behovet innan fagdidaktikk er presserande. Spanskfaget har òg i møte 19. mars i år prioritert ei ny stilling i fagdidaktikk framfor utlysing av språkstilling. Instituttet bed derfor om at den omtalte stillinga blir lyst ut, men innanfor feltet spansk fagdidaktikk.

6. Førsteamanuensis i russisk språk

Russisk har fem faste stillingar i tillegg til ordninga med språkpedagogar. I følge bemanningsplanen for 2013-2015 er faget noko høgt dimensjonert. Planen gjer framlegg om at stillinga som vert ledig ved naturleg avgang seinast 2016, «vurderes trukket inn», men: «Dersom fakultetets økonomi er stabil og god, og russisk viser en økning i studiepoengproduksjonen og fortsatt har gode resultater på forskningssiden, bør det gjøres en ny vurdering av hvorvidt stillingen skal trekkes inn ved justering av bemanningsplanen i 2015.» Søkjartala til BA-programmet i russisk med oppstart 2014 viser ein oppgang på 20,8 prosent frå året før. På masternivået har faget for tida sju studentar. Russisk er eit undervisningstungt fag med hovudvekt på språkvitskaplege disiplinar. Faget ligg bra an både når det gjeld publiseringspoeng og forskingsformidling og har spela ei viktig rolle i å skaffa fakultetet eksternfinansierte prosjekt dei siste ti åra. For å halda oppe og utvikla vidare undervisning, rettleiing og forskning på faget bed instituttet om at stillinga i lingvistikk blir lyst ut på ny ved avgang.

ADMINISTRATIVE STILLINGAR:

1. Seniorkonsulent knytt til forskning og forskarutdanning

IF har sidan instituttsamanslåing i 2007 hatt éi stilling til administrativ oppfølging av forskning, forskarutdanning og formidling. Her har det skjedd ei endring ved fakultetet i og med at dei to institutta som liknar mest på IF, nemleg LLE og AHKR, nyleg har fått kvar si stilling nummer to til dette feltet. Det synest ikkje naturleg at IF skal bli ståande med berre éi stilling i denne situasjonen. Ser ein på forskarutdanninga, har IF ein fakultetskvote på femten stipendiatar, medan dei to andre institutta har respektive 17 og 20. Ser ein på ein annan viktig indikator, nemleg eksternfinansierte forskning, ligg IF i 2014 an til ein omsetnad på 18 millionar, medan dei tilsvarande tala for dei to andre institutta er 22 og 26 millionar. Skilnaden mellom dei tre institutta er med andre ord ikkje så stor på desse variablane, men skilnaden i administrative ressursar mellom ei og to stillingar er stor. Vi ottast at ei slik skeivfordeling i administrative ressursar vil svekka kapasiteten ved IF til å følgja opp prosjektsøknader, stipendiatar, publisering mm. I så fall er vi inne i ein negativ spiral. Instituttet meiner derfor det er rimeleg at òg IF får ei ny administrativ stilling knytt til feltet forskning,

forskarutdanning og formidling. Dersom dette ikkje let seg gjera, er det i alle fall svært viktig at instituttet får ekstra oppfølging frå fakultetsadministrasjonen i arbeidet med søknader om eksterne midlar mm. Dersom løysinga blir at IF deler ein person med andre, ønskjer vi oss at denne personen er ved instituttet eit par dagar i veka.

STIPENDIATAR:

IF har ein kvote på femten universitetsstipendiatar, og det er pr. midten av 2014 tilsette i alle desse stillingane. Vidare har instituttet fått tildelt ei postdoktorstilling frå fakultetet, og Jorunn Gjerden på fransk litteratur er tilsett i stillinga (januar 2014-desember 2017). Instituttet har òg fleire ph.d.-stillingar på eksternfinansierte prosjekt og på kvoteordninga, og vi har ei postdoktorstilling knytt til det eksternfinansierte LINGCLIM-prosjektet.

FORSKARSKULAR:

Forskarskulen i språkvitskap og filologi fungerer godt, og stipendiatane er svært nøgde med han. Det er likevel utfordrande å finna tilstrekkelege ressursar til drifta innanfor budsjettet. Ein bør derfor på sikt vurdere forskarskula sin funksjon, sett i lys av den nasjonale forskarskulen og i lys av at forskargruppene ved institutta skal ta over meir av oppfølginga av stipendiatane.

3. Prioriteringar utanfor budsjetttramma

Instituttet vil be om følgjande to stillingar knytte til særskilte satsingsområde:

1. Stipendiatstilling øyremerkt kinesisk språk

Kinesisk språk er under oppbygging ved IF, og faget fekk sin første fast tilsette våren 2014. Kinesisk er eit satsingsområde ved universitetet, tilbodet har vore etterlyst frå politisk hald og faget er svakt utbygt nasjonalt. For å utvikla faget vidare ved Universitetet i Bergen, bed instituttet om å få tildelt ei stipendiatstilling øyremerkt kinesisk språk.

2. Postdoktorstilling øyremerkt arabisk språk

Arabisk språk og kultur er eit viktig felt, og eitt av dei to fagmiljøa i Noreg ligg ved Universitetet i Bergen. Den nasjonale rekrutteringa til faget er likevel svak. Ved UiB er det for tida éin stipendiat i arabisk språk. For å styrka den nasjonale rekrutteringa og sikra gode søkjarar ved utlysingar av faste stillingar i framtida, treng arabisk ei postdoktorstilling.

4. Bidrags- og oppdragsfinansierte aktivitet

Dei eksterne inntektene på BOA-prosjekta ved instituttet er spesifiserte i eit eige vedlegg. Dei «etablerte prosjekta» i oversynet er prosjekt vi allereie har fått tilsegn om støtte til. Summane i oversynet byggjer her på rapport frå fakultetet 4.6.2014. Dei «forventa prosjekta» er langt meir usikre, og inntektene her baserer seg på søknader som er sende inn i vår (til m.a. NFR og Erasmus+), og søknader som vil bli sende inn til Meltzerfondet og Bergen Universitetsfond til hausten. Vi har estimert den samla eksternfinansieringa ved instituttet i 2015 til vel 15 millionar kroner og reknar dette som eit moderat anslag.

Instituttet må ved søknader om nye prosjekt gjera ei konkret vurdering av overheadinntekter og eigeninnsats sett i lys av verdien av prosjektet. Søknader om prosjekt med lite dekningsbidrag og stor eigeninnsats må vurderast kritisk, dette gjeld t.d. nye prosjekt støtta av Bergens forskningsstiftelse.

Slike prosjekt kan vera ønskelege, men dei må i så fall ha høg kvalitet og passa godt inn i rekrutteringsstrategien ved instituttet.

5. Mindre ombyggingstiltak

Instituttet har fleire framlegg til mindre ombyggings- og oppussingstiltak som vil gjera HF-bygget til ein trivelegare og meir funksjonell arbeidsplass:

- Oppussing og nytt møblement på møterom 305 og møterom/lunsjrom 222
- Måling av gangane i HF-bygget
- Utsifting til einskapleg møblement i sofakrokane/kvilegruppene rundt om i HF-bygget
- Utsifting av oppslagstavler til nytt system ala Sydneshaugen skole
- Kjøkkenkrok med oppvaskmaskin, benker og skåp utanfor rom 222 i andre høgda av HF-bygget
- Nye kombinerte benker og bord utanfor HF-bygget

6. Evalueringar

Instituttet har ikkje vore vurdert gjennom nasjonale eller internasjonale evalueringar det siste året. Det interne evalueringssystemet med programsensorar, studentevalueringar o.a. går som før.

Venleg helsing

Åse Johnsen
instituttleiar

Arve Kjell Uthaug
administrasjonssjef